



Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 26.02.2014

Sak nr.: 13/7616-5

Internt l.nr.: 6943/14

Sak: 12/14

Tittel: Prioriteringar for kulturminneforvaltninga 2014

Behandling:

Frå Hovudutvalet for kultur låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune registrerer at Riksantikvaren vil delegere fleire oppgåver til fylkeskommunane, og er positive til slik overføring til det folkevalde fylkesnivået. Det må følgje naudsynte økonomiske ressursar med for å kunne ta imot arbeidskrevjande oppgåver på ein god måte.
2. Fylkeskommunen meiner at all delegering av oppgåver som krev betydeleg auka arbeidsinnsats, bør kanalisert inn i prosessen fram mot nytt statsbudsjett. Oppgåvene må der omtalast med innhald, omfang og økonomisk kompensasjon. Fylkeskommunen føreset at staten tilfører ekstra midlar til å handtere desse nye oppgåvene på ein god måte.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune tek elles brevet frå Riksantikvaren av 28.11.13 om prioriteringar for kulturminneforvaltninga i 2014 til vitande.

Endringsframlegg:

Fylkesutvalet sette fram slikt framlegg til vedtak som nytt punkt 2 i staden for punkt 2 i tilrådinga frå hovudutvalet for kultur:

- 2 Fylkeskommunen meiner at all delegering av oppgåver som krev betydeleg auka arbeidsinnsats, bør kanalisert inn i prosessen fram mot nytt statsbudsjett. Oppgåvene må der omtalast med innhald, omfang og økonomisk kompensasjon. Fylkeskommunen føreset at staten skal finansiere oppgåver som til no har vore utført på statlege side ved tilsvarende innsparingar på statleg side.

Avrøysting:

Punkt 1 og 3 i tilrådinga frå hovudutvalet for kultur og fylkesutvalet sitt framlegg til punkt 2 vart samrøystes vedtekne.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune registrerer at Riksantikvaren vil delegere fleire oppgåver til fylkeskommunane, og er positive til slik overføring til det folkevalde fylkesnivået. Det må følgje naudsynte økonomiske ressursar med for å kunne ta imot arbeidskrevjande oppgåver på ein god måte.
2. Fylkeskommunen meiner at all delegering av oppgåver som krev betydeleg auka arbeidsinnsats, bør kanalisert inn i prosessen fram mot nytt statsbudsjett. Oppgåvene

må der omtalast med innhald, omfang og økonomisk kompensasjon. Fylkeskommunen føreset at staten skal finansiere oppgåver som til no har vore utført på statlege side ved tilsvarande innsparingar på statleg side.

3. Sogn og Fjordane fylkeskommune tek elles brevet frå Riksantikvaren av 28.11.13 om prioriteringar for kulturminneforvaltninga i 2014 til vitande.